

FORSKRIFT OM FORSØK MED UTVIKLING AV EIN PILOT FOR 8-13 SKULE

PERIODEN 2016-2020

Vedteken av Høyanger kommunestyre den ... med heimel i lov om forsøk i offentlig forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87.

Godkjent av Kommunal- og moderniseringsdepartementet den ..., med heimel i § 5 i lov om forsøk i offentlig forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87, jf. kgl. res. 11. desember 1992 nr. 1050.

Kap 1. Virkeområde og formål

§ 1-1 Virkeområde

Desse vedtektene gjeld forsøk med ei midlertidig overtaking av arbeidsgjevaransvaret for den vidaregåande opplæringa i Høyanger kommune gjennom ein modell for kjøp av tenester. Høyanger kommune vil kjøpe tenester frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette medfører at alle tilsetjingsforhold vil bestå i fylkeskommunen, og opptening av ansiennitet og øvrige rettar vil skje i noverande tilsetjingsforhold

§ 1-2 Formål

Formålet med forsøket er å utarbeide ein modell for ei praktisk gjennomføring av ei gjennomgåande opplæring frå 8.-13. trinn. Bakgrunn for forsøket er eit 2-årig prosjekt for utvida samarbeid i grunnopplæringa som Høyanger kommune har gjennomført i samarbeid med Høyanger vidaregåande skule. Begge partar ønsker å spisse samarbeidet gjennom forsøksperioden, og utarbeide gode modellar for eit tettare samarbeid mellom skuleslaga. Modellen skal i varetta rettane til dei tilsette, elevane og føresette.

Målet med forsøket er tredelt;

- Utarbeide pilot for samarbeid på 8.-13. trinn ved overføring av arbeidsgjevaransvar
- Evaluere kvalitet på målbare resultat
- Synleggjere økonomisk innsparing

Kap 2. Forholdet til *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*

§ 2-1 Forholdet til *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa*

Ved forsøk med pilot 8.-13 skal bestemmelsane *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa av 17. juli 1998 nr. 61* (opplæringslova) gjelde. Opplæringslova har ein eigen heimel til forsøk i § 1-4. Denne heimelen til forsøk kan nyttast til tidsavgrensa pedagogiske/organisatoriske forsøk om opplæringslova sine reglar. Dette forsøket har karakter av å vere eit meir overordna organisatorisk forsøk, så i følgje Rundskriv H-26/05 om «Forsøk i kommunar og fylkeskommunar» skal forsøkslova nyttast som heimel.